

Innspel til ny kommuneplan 2025 -2037

Innspel 1 - gjeld Rysstadåsen:

I gjeldande kommuneplan ligg deler av Rysstadåsen inne som Skisenter/idrettsanlegg. Området i Rysstadåsen som ligg under G.nr. 68/2 - skal tilbakeføres til LNF område.

Rysstadåsen er viktig for :

1. Beiteområde for sau
2. Leve og beiteområde for storvilt og småvilt
3. Gamalskog
4. Planter, bær og sopp.
5. Myr og våtmarker.

Innspel 2 - gjeld Stavtjønnsløypa:

Visar til vedlegg i denne sak - KU innspel

Punkt 1. Rådmannens oppsummering - sitat : ...Eksisterande skiløype ved Stavtjønn må integrerast i planen....

Punkt 2. Friluftsliv og folkehelse - sitat : ...Det er i dag preparert skiløype som går gjennom planområdet, rundt Stavtjønn.....

Punkt 1 og 2 som nemnt ovafor - skal takast vekk i kommuneplanen. Det er ikkje avtale med grunneigar om preparert skiløype rundt Stavtjønn.

Grunneigar ynskjer ikkje skiløype rundt Stavtjønn, det skuldast at området rundt Stavtjønn og Rysstadåsen er eit viktig og attraktivt jaktområde for småvilt om vinteren. Utleige av jakt er ei svært viktig inntektskjelde for grunneigar.

Når Valle kommune i tillegg vil ha ein offentlig parkeringsplass på Kvisletoppen for 100 bilar, vil dette vere med på å legge til rette for endå større ferdsle inn i jaktområde. Det vil samtidig vere ein fare knytta opp til å styre ålmenta inn i eit aktivt jaktområde.


Med helsing

Tone Å. Rysstad - Eigar av gnr. 68/2

1 vedlegg

Nr (39)	Tiltakshavar: Brokke Alpinsenter AS Rysstadåsen	Gnr/bnr 68/85, 2	Gjeld: Skisenter/idrettsanlegg	Areal: 1000 daa
Gjeldande kom.plan: LNF			Ønske om endring til i ny kom.plan: Byggeområde, idrettsanlegg	

Ønskjer vidare utvikling/utviding av Brokke skisenter mot Rysstadåsen. I samsvar med «masterplanen».



Rådmannens oppsummering:

Utbygging av alpinanlegg er krevjande tiltak i landskapsbildet, då slike anlegg ligg eksponert til, i bratt terreng og der det ofte er lite vegetasjon. Vil kreve landskapsanalyse som og må syne korleis terrengingrepa kan avbøtast. Nokre tema må sjåast på meir detaljert ved detaljregulering (raudlisteart og snøskredfare). Eksisterande skiløype ved Stavtjønn må integrerast i planen.

I samsvar med målsettingar om å satse tungt med høgstandard utbyggingar og tilhøyrande anlegg i Brokke-Furestøyl-Kvisle-området.

Rådmannens forslag til høyring:

Takast inn i kommuneplanen.

Tema	Rådmannens kommentar/vurdering	Konfliktgrad
1. Fysiske tilhøve	Planområdet omfattar terrenghøgder mellom ca kote + 600 – 900. Mykje bart fjell i dagen, bratt. Lausmasser i nedre delen, der det er delvis skog og delvis myr.	
2. Vatn/vassdrag	Stavtjønn ligg i nordre delen av planområdet. Nokre tilhøyrande (mindre) bekkar vert berørt, mellom anna Skålesstøylbekken. Må takast omsyn til i detaljplanen.	
3. Landskap og estetikk	Rysstadåsen ligg høgt og er synleg frå store delar av Brokke-Furestøyl-Kvisle. Eit stort nytt tiltak som vil ligg høgt og eksponert og vil visast i landskapet. Landskapsanalyser vil vere naudsamte når det skal lagast detaljplan. Terrengingrepa, korleis dei vert lagt og utføringa reparert i størst moglege grad etterpå, vil ha mykje å seie for verknadene på landskapsbildet.	Yellow
4. Kulturminner og kulturmiljø	Ikkje registrerte kulturminne, korkje SEFRAK-bygningar eller automatisk freda kulturminne.	
5. Jordvern og kulturlandskap. Jakt.	Jord/skog er Ikkje relevante tema. Utbygginga vil kunne verke noko negativt inn på jakt (elg, rådyr, fugl).	
6. Friluftsliv og folkehelse	Det er i dag er preparert skiløype som går gjennom planområdet, rund Stavtjønn. Denne må takast omsyn til ved evt. utbygging av skianlegget. Samstundes må ein peike på at eit større tilbod av nedfartsløyper vil fremma idrett og friluftsliv.	Yellow
7. Villrein	Ligg i bygdeutviklingssona. Tilhøva til villreinen er avklart.	
8. Naturmangfald og naturmiljø	Det er registrert eitt funn av raudlista art (sopp) innanfor planområdet. Uvisst kor stor verknad dette vil ha å seie for utbygginga, men må undersøkast nærare. I dag intakt naturområde utan utbyggingar.	Yellow
9. Skred og flaum	Snøskredfare (aktsemdskart) i vestre del. Og noko snøskredfare sør for Stavtjønn i aust. Må avklarast i detaljplanfasen.	Yellow
10. Teknisk infrast, tilkomst, sikkerhet og beredskap	Kvislevegen (privat) går i nærleiken, men tangerer ikkje planområdet. Anna infrastruktur (straum, vatn, avlaup) ligg i nærleiken.	
11. Tilgjenge sosial infrastr.	Ligg i nærleiken av regulerte og til dels utbygde høgstandard hytter. I områdeplanen for Kvisle er heile området nordaust for planområdet regulert til alpinanlegg, men dette er ikkje utbygd. Alpinanlegg nordaust er og regulert og delvis utbygd.	
12. Klima, transport	Ligg ikkje knytt til kollektivtransport, og transport er avhengig av privatbilar. Ligg likevel sentralt i forhold til mange fritidsbustader i Brokke-Furestøyl-Kvisle-området.	
13. Arealstrategi/ måloppnåing	Det er ein målsetting at Valle kommune vil satse på å legge til rette for vidareutvikling av Brokke-Furestøyl-Kvisle-området med utbygging av høgstandard fritidsbustader og tilhøyrande anlegg.	
14. Andre tema	Grenser til reguleringsplan for Kvisle, vedtatt 2008.	